



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon  
Anne Hjermand, 5557 2275

Vår dato  
19.04.2018  
Dykkar dato  
«REFDATO»

Vår referanse  
2017/13858 612  
Dykkar referanse  
«REF»

Kommunane i Hordaland  
Hordaland fylkeskommune  
Utdanningsforbundet Hordaland  
Fagforbundet Hordaland  
KS Hordaland  
PBL  
Høgskulen på Vestlandet  
NLA Høgskolen

### **Invitasjon til møte «Regional ordning for kompetanseutvikling – barnehage»**

**Dato: 8. juni 2018**  
**Stad: Bergen, Scandic Ørnen**  
**Tid: 10.00 – 15.00 (ytre møteramme)**

Som kjent skal Fylkesmannen leggje til rette for eit samarbeid om kompetanseutvikling mellom barnehagemynda, -eigar og UH-sektoren. I den samanheng skal det etablerast fylkesvise samarbeidsforum der aktørane blir einige om ein langsiktig kompetanseutviklingsplan for barnehagar i fylket/regionane.

Ei ordning som legg opp til at representantane i samarbeidsforumet (fylkesnivå) skal bli einige om kva tiltak som skal prioriterast, krev at det er gjort grundig kartlegging, analyse og vurdering av kompetansebehov på lokalt og regionalt nivå.

Vi viser elles til vedlagte referat frå møtet 6. mars og inviterer no til drøfting/konklusjon av følgjande tema:

- Klargjere rollene på ulike nivå -lokalt/regionalt/samarbeidsforum (vedlegg 1)
- Medverknad på ulike nivå (naudsynt/tenleg/nyttig/handterbart)
- UH – bidrag i arbeidet med kompetanseplanar
- Økonomi – sjablongmessig løysing pr. utviklingsprosjekt til UH og til eigar
- Rapporteringskrav
- Krav til kartlegging/tilstandsvurdering/analyse
- Informasjon til sektoren – kven gjer kva?

## Vedlegg 1

### Utgangspunkt for drøfting – roller

#### Barnehageeigar (kommunale og private)

- Lokal tilstandsvurdering, barnehagebasert vurdering av behovet for kompetanseutvikling dei nærmaste åra
- Involvere organisasjonane
- Presentere/legge fram sine funn og prioriteringar for det regionale kompetansenettverket
- Samhandle med UH-sektoren



#### Regionale kompetansenettverk

- Kartleggje og analysere ønskje tema for kompetanseutvikling som er lagt fram av barnehageeigarane
- Prioritere tema
- Prioritere og utarbeide ein plan for deltaking i ordninga som over tid sikrar at dei eigarane som ønskjer det kan komme med i ordninga (4 årig perspektiv)
- Fagleg dialog med UH
- Velje ein representant for regionen til fylkesgruppa



#### Fylkesgruppa

- Målbere det regionale kompetansenettverket sine prioriteringar
- Sjå eigne prioriteringar i samheng med prioriteringar frå dei andre nettverka i eit fleirårig perspektiv
- Bidra til semje om kva prosjekt som skal setjast i verk, setjast på vent eller vidareførast
- Bidra til semje om finansiering
- Delta i vurdering av organisering av ordninga